

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR. 1

FEBRUAR 1990

44. ÅRG.



Foto: Siw Anita Bruvik

FASTETID

Snart går vi inn i fastetida. Ho tek til med oske- onsdag, 28. februar. Dette er ei tid for stille og ettertanke. Frå gamalt av var det vanleg å leva enkelt i denne tida. Ein gav avkall på slikt som kunne leia tankane på villstrå, slik at ein kunne fordjupa seg i den kristne budskapen, og særleg i Jesu lidingssoge.

Med fastetid tenkjer mange på det å leva enkelt i matvegen. og sant nok: Fastebøssene minner oss om at den måten vi lever på, treng eit kritisk blikk.

Ei anna side ved livet vårt treng òg gjennomtenking: Fjernsynet. Kva med ein TV-pause i fastetida? Kanhende du då kunne få tid til den boka som så lett tapar ikonkurransen om tida vår - Bibelen.

Eller kanhende det er ein som treng besøk frå deg?

Lat meg òg få nemna ei sak som alltid er viktig, men som det nett no i år er sett ekstra søkjelys på: FORBØNA. Vi treng alle forbøn. Og forbøn er eit ansvar som bibelen legg på oss. Eg vil nytta høvet til å seia noko om dette, no i forbønsåret.

Kristen bøn er både arbeid og kvile.

Det er eit arbeid: "Strid saman med meg i bønene dykkar," skriv apostelen Paulus. Og vidare: "Så legg eg dykk framfor alt på hjarta at de ber fram bøn og påkalling, forbøn og takk for alle menneske." Bøn er eit arbeid som ikkje kan verta erstatta av noko anna verksemd.

Men bøn er òg kvile. "Kva vil du eg skal gjera for deg?" sa Jesus til ein mann i naud. Når vi bed, får vi lov til å gje vårt svar på dette spørsmålet. Jesus sa jo òg: "Kom til meg, alle de som slit og ber tunge bærer, og eg vil gje dykk kvile."

Så lat oss då be. Og lat oss be i Jesu namn! I trua på han som døydde og stod opp for oss, og som dermed opna vegen til Gud.

Ja, Jesus har opna vegen. Dessutan veit han korleis det er å vera menneske. "Lat oss difor med frimod gå fram for nådens kongsstol, så vi kan få miskunn og finna nåde til hjelp i rette tid."

Kjell Arne Norum

FAGERTUN

Det går framover med arbeidet på Fagertun.

Dugnadsånden har vært stort sett god. Vi er nå i gang med malerarbeidet, og pensjonister fra Vaksdal er med og gjør en stor innsats, med sparkling, trekking av glassfiberstrie, maling m.m.

Så nå håper vi virkelig på å få internatet ferdig til påskeleirene. Vi har også planer om å ha årsmøte for Bergen krins av Samemisjonen på Fagertun i slutten av mai. Det tradisjonelle Fagertun-stevnet bli 10. juni. Så det skjer alltid noe på Fagertun.

Så vil vi i ungdomsrådet av Norges Samemisjon, Bergen krins takke alle som er med på dugnad, og de som er med og støtter oss økonomisk, slik at vi kanskje slipper å låne penger for å få internatet ferdig.

Så må vi selvfølgelig takke Stamnes sokneråd for den fine gaven på kr. 1.000. Og vi håper at soknerådene i framtida kan gjøre seg nytte av Fagertun i arbeidet sitt for å fremme det kristne arbeidet i kommunen.

Hilsen med Salme 121,1-5

Postgironr. til Fagertun er 3789765.

Venligst Odd B. Alvheim

Kjære Gud,

DET ER UTRULEG
KVA DU HAR SKAPT
UTAN DATAMASKIN!



PÅSKELEIRAR PÅ FAGERTUN

6.-9. mars: For 3. til 6. klasse
11.-16. mars: For ungdom frå 7. klasse
og oppover

Pris kr. 75 pr. døgn.

Påmelding til Norges Samemisjon,
Sparebankgt. 4a,
5000 BERGEN
tlf. 31 65 06

*Det finnes en dyrebar rose
som aldri skal visne hen,
den trosser all frost på jorden
og blomstrer og blomstrer igjen.*

*Den blomstret ved foten av Sinai
for Moses, med flammende ild;
den brennende busk var Guds løfte
om frelse, da alt stod på spill.*

*Den blomstret i Betlehems vinter,
den blomstret i Nasarets vår,
den blomstret som flammer i torner
i Golgatas blødende sår.*

*Den blomstrer fremdeles i verden
og dufter av sommer, til trøst
for alle som bøyes av smerte
i jordlivets nakne høst.*

*Å, brennende rose som blomstrer
i kulde og smerte og savn!
Å, hellige tegn på jorden!
Guds kjærlighet er dens navn.*

Svein Ellingsen



Vi vil minna om bønnedagen for all verdas kvinner. Fyrste fredagen i mars bøyer kvinner over heile verda kne og bed til vår Gud og Herre. I år er programmet utarbeidd av kvinner i Tsjekkoslovakia, og mottoet er LYSARE FRAMTID - RETTFERD FOR ALLE.

Dei tsjekkosllovakiske kvinnene ser ut til å ha ei forventning om fred og rettferd. Difor knyter dei programmet for bønnedagen til Jes. 58,2-4 og Luk. 4,16-30. Bodskapan til Jesaia går rett på sak: Vår bøn og faste må fylgjast opp av våre liv, av handlingar som er forplikta på rettferd og frigjering.

«En lenke av foldede hender».

En lenke av foldede hender,
rundt hele den vide jord,
i bønn til den Herre Jesus,
med takk for hans evige ord.

En lenke av foldede hender,
fra jordheimens folkeslag.
De ber at Guds rike kommer,
de takker for seierens dag.

KVINNENES VERDENS BØNNEDAG

Fredag 2. mars

1990

Lukas forsikrar oss om at nåden i Jesus gjeld for oss. I bøn og med opne auge vert vi bedne om å sjå på alle som lid i store delar av verda. Vi vert bedne om å angra at vi let att auga våre. Saman med tsjekkosllovakiske kvinner vert vi bedne om å kjempa med Gud for å spreia evangeliet og bringa rettferd til alle.

Til 100-årsjubileet for bønnedagen i 1987 skreiv Trygve Bjerkrheim dette diktet:

En lenke av foldede hender,
der ungdom og alder er med.
I blant oss skimtes forfulgte,
i nøden de eier Guds fred.

En lenke av foldede hender,
den øker fra år og til år.
Til sist en utelleg skare
for tronen tilbedende står.

5000 kroner

skaffer en familie fra slummen i Mellom-Amerika et nytt hjem.

Postgiro Bankgiro 100  KIRKENS
NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

125 kroner

pr. måned gir barnehjem med skole i ett år for ett barn i Calcutta.

Postgiro Bankgiro 100  KIRKENS
NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3



FAMILIEGUDSTENESTE I NESHEIM KYRKJE I NOVEMBER I FJOR.
KJELL ARNE NORUM SAMAN MED TO 4-ÅRINGAR SOM FEKK BARNAS KYRKJEBOK:
LINDA FJELLANGER OG SONDRÉ NESHEIM.

LIKEVEL IKKJE NY ORGANIST TIL VAKSDAL

Diverre har organist David Robertson sagt frå seg stillinga som organist i Vaksdal. Vi får difor fortsatt setta vår lit til Thor Michelsen, og vi vonar at han og gamleorgelet kjem overeins ei god stund til.

FIDES - KONSERTAR

I helga 23. - 25. mars vil FIDES halda konsertar i kyrkjene i Vaksdal, Dale og Starnes. Dei skal framføra songar av Eivind Skjeie og Sigvald Tveit.

VELKOMEN TIL SAMTALE

Vi som er prestar, står til disposisjon dersom nokon ønskjer ein samtale. Vi har teigeplikt. Slå gjerne på tråden på førehand!

Helsing prestane

BLADPENGAR

Også for i år vil vi be lesarane våre om støtte til å gje ut kyrkjelydsbladet. Vi legg ved dette nummeret av bladet ein ferdig utfylt innbetalingsblankett, og vi håpar på at mange gjer seg nytte av den.

Tove Margrete

Etter 10 år med krig i Afghanistan:

Vi vil så gjerne reise heim

Tekst: Tove Gravdal

Midt i byen Peshawar i Pakistan sit 300 menneske i eit gardsrom og ventar. Kvar dag er gardsrommet like fullt. Dei fleste er kvinner, som har barn på fanget og barn i magen. Alle er afghanske flyktingar, og med alt frå psykiske problem til diare, oppsøker dei dr. Jan Sultan på det enkle legekantoret i Peshawar.

- Helsetilstanden er svært dårleg. Det er no ikkje så rart, så lenge dei må bu i skitne telt, må drikke ureint vatn, manglar mat og fryser heile vinteren, seier legen. Ho er sjølv afghanar, ei av dei 3,5 millionar flyktingane som bur i grannelandet Pakistan fordi det er umogleg å bu i det krigsherja heimlandet.

Saman med ein annan kvinneleg lege driv Jan Sultan denne helsestasjonen i Peshawar. Kvar pasient får sjeldan stort meir enn eitt minutt, før diagnosen blir stilt. Hudinfeksjon, fordøyingsplager, dysenteri, lungebetennelse.

- Alle pasientane våre er flyktingar som nyleg har kome frå Pakistan. Dei bur dårleg og får ikkje nok mat, dessutan er dei utan arbeid, og mange har psykiske problem på grunn av krigen, fortel Jan Sultan.

Flyktingane held fram med å kome til Pakistan. Men no er det snart slutt på tolmodet. Både hos flyktingane som vona å vende heim då dei sovjetiske troppane trekte seg ut, og hos FN og hjelpeorganisasjonane som jobbar mellom dei. Det er ikkje nok mat til ungene som blir fødte under Jan Sultan sin kyndige kontroll i eksil i Pakistan.

Mange av dei afghanske flyktingekvinnene er enkjer. Dei er totalt avhengige av hjelp utanfrå for å overleve i leirane i Pakistan.

Foto: Dag Hoel, Kirkens Nødhjelp



Kanskje meir enn nokon gong før trengst det hjelp til flyktingane frå Afghanistan. I samarbeid med Inter Church Aid, hjelpeorganisasjonen til den pakistanske kyrkja, driv Kirkens Nødhjelp og Det Norske Flyktingeråd eit omfattande arbeid, særleg mellom flyktingane som ikkje er registrerte av FN, og som difor er totalt avhengige av andre si hjelp. Mat, teppe, telt og medisinsk hjelp er basis-behov. Fasteaksjonen er ei vik-

tig kjelde til å fylle desse behova mellom flyktingar som har mist alt.

Helseklinikken til Jan Sultan blir driven av Inter Church Aid og er eit utilstrekkeleg, men viktig tilbod til dei afghanske flyktingane.

- Dette er ein tøff jobb, men ein dag vonar eg å kunne jobbe som lege i heimlandet mitt, seier Jan Sultan. Skal det hende, må ikkje verda gløyme flyktingane i Pakistan.

Biskop Aarflot om fasteaksjonen:

Ei trassig påminning

- Fastetida skal dreie seg om to aspekt. Det eine er å følgje Jesu liding fram til frelsa sitt under i påska. Det andre er å bevisstgjere oss sjølve om vårt medansvar for dei som lid i verda i dag.

Oslo-biskopen Andreas Aarflot knyter raskt perpektiva saman når han snakkar om kyrkja si faste. Æveperspektivet og våre liv i verda i dag. - Eg trur fastetida hjelper oss til å sikte livet inn på begge desse områda, seier Aarflot.

- Men har ikkje fasta sitt innhald blitt borte for folk flest?

- Den religiøse dimensjonen over fastetida har nok blitt borte hos mange. Men den let seg fornye. Og fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp kan vere med på det, seier Aarflot, som trekkjer fram tre viktige sider ved fasteaksjonen. Fastebøssene, konfirmantarbeidet og gudstenesta.

- Fastebøssene er som ei trassig påminning til oss i kvardagen om ansvaret vi har for verda si naud. At konfirmantane er med på å samle inn pengar, er ein viktig del av oppsedinga, og aksjonen kan gi fastegudstenestene eit eige særpreg.

Fastetida skulle eigenleg vere ei tid med magert kosthald, eller totalt fråhåld frå mat. Men biskop Aarflot vil nødvendig at fasteaksjonen skal vere eit plaster på det dårlege samvitet vårt fordi vi et mykje og bruker for mykje pengar på oss sjølve.



Nauda blir stadig større, difor må ikkje gåvene til fasteaksjonen bli mindre, oppmodar biskop Andreas Aarflot.

Foto: NTB

- Kva for ei oppmoding vil du gi til folk før fasteaksjonen i år?

- Vi får stadig prov på at nauda i verda blir større, difor bør ikkje gåvene bli mindre. Det er vårt ansvar å ikkje gløyme dei som lid i dag, særleg i den tida av kyrkjeåret når vi følgjer Jesu liding fram til død og oppstode, seier Andreas Aarflot frå bispekontoret sitt i Oslo.



BARNESIDE




Elin F.

Hugsar du den gongen Jesus sa til Peter: "Legg ut på djupet og kast nota, så de kan få fisk. Kanskje Peter tvilte på om det nytta. Peter og nokon andre hadde fiska heile natta utan å få noko fisk. Heldigvis gjer Peter slik som Jesus seier. Veit du kva som skjer? Dei får så mykje fisk at fiskerota heldt på å rivna. Nokon i ein annan båt kom og hjelpte dei, og begge båtane vart fulle av fisk. Kvi for kom det så mykje fisk no? Det var Jesus som sa at det skulle koma fisk. Jesus er Guds son. Jesus kan alt. Det var eit under som skjedde, då det kom så mykje fisk. Vi kan lesa om mange under i Bibelen.

I Lukas 5. 1-11 kan vi lesa om då Peter fekk så mykje fisk. Svare til kryssordet finn du og i desse bibelversa.

1. Sjø (v1)
2. Namn på ein tilhøyrar (v4)
3. Ein av brørne (v10)
4. Eit anna namn på Jesus (v8)
5. Jesus vert og kalla (v5)
6. Ein av brørne (v10)

Reidar Skurtveit.



SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE

Også i år er det sett opp ei særskild gudsteneste til innleiing på fastetida. Det vert skriftemåls-gudsteneste i Vaksdal kyrkje på oskeonsdag den 28. februar.

Denne gudstenesta høver godt med fastetida, fordi faste, bøn og syndsvedkjening høyrer saman. I næraste gudstenesta før vil vi prestane gje høve til eigne samtalar på tomannshand der einskildpersonar kan få snakka ut om problem og synder ein ikkje rår med. Å snakka ut om det ein slit med, kan vera ei lette og hjelp til å få ein ny start på livet, og det er også meininga at skriftemåls-gudsteresta skal vera ein hjelp til dette. Gudstenesta har eit alment preg. Det er ikkje meininga at ein skal stå fram offentleg midt under denne gudstenesta og vedkjenna for heile kyrkjelyden alle sine synder. Men i ei slik gudsteneste skal ein i stille sjølvprøving på dei ti bod gjera opp i ro og mak framfor Guds åsyn i stille bøn dei syndene som tyngjer.

Hovudsaka i denne stille syndsvedkjeninga er tilgjevinga. Ved dette punktet i gudstenesta seier eg som prest til alle: "Lat oss høyre kva den oppstadne Herren seier til læresveinane sine: Ta i mot Den Heilage Ande. Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de dei att for nokon, er dei atthaldne." Deretter held eg fram

med å seia: "Kom no fram til Herrens altar og ta i mot tilsegna om tilgjeving frå Gud for alle dine synder." Då går kyrkjelyden fram og kneler på altarringen. Dei som kneler, skal ikkje seia noko. Men eg som prest, seier til kvar einskild som kneler: "Etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod tilgjev eg deg alle dine synder, i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande." Under sjølve denne tilseiinga av Guds tilgjeving legg eg handa på kvar einskild i tur og orden.

Når eg har gått heile runden innanfor altarringen, seier eg til dei som kneler: "Han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullføre henne - heilt til Jesu Kristi dag. Fred vera med dykk." Etter dette reiser alle ved altarringen seg og går attende til plassane sine i kyrkjebenkene.

Deretter held skriftemåls-gudstenesta fram med takkebøn og Herrens bøn. Denne gudstenesta vert avslutta slik som andre gudstenester med slutnings-salme, velsigning, stille bøn med klokkeslag og postludium.

Venleg helsing
Inge Chr. Meidell
sokneprest

150 kroner

er nok til mat for en familie
i Sudan i én måned.

Postgiro Bankgiro 100  KIRKENS
NØDHJELP
Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin
fridag!

NYTT OM MISJON

For nokre år sidan skjeddde ei verds-historisk hending. For fyrste gong var det ein konferanse der misjonarar frå heile verda tok del. Vel å merka: Ut-dendingane var altså ikkje berre slike som var fødde i vestlege land. Dei kom frå vidt forskjellige kantar av kloden.

Dette er nemleg stoda no: Det vert sendt ut misjonarar frå dei landa son vi kallar "misjonsmarkene". Nigeria åleine sender til dømes 3000 misjonarar - dels til nabolanda, dels til framande folkegrupper i sitt eige land. I India er det minst 140 misjonsselskap. Frå den tredje verda kjem det minst 25.000 misjonarar alt i alt. Og dette talet aukar raskt. Svært raskt!

Dette er ekstra godt nytt no som fleire og fleire land stengjer grensene for misjonarar utanfrå. Dersom det fyrst er planta ei kyrkje i eit land, kan landet erobrast innanfrå.

Veit du forresten kva misjon er? Ein tiggjar som fortel ein annan tiggjar kvar han kan finna brød!

KANO

Hvilken kanal?

Fjerearingen vår hadde fått lov til å bli med storesøster på søndags-skolen. Hun kunne ikke lese, men fant som de andre en bibel på benken, og mente at hun for anledningen burde slå opp i den på det stedet som dagens tekst var tatt fra. Derfor snudde hun seg til søstere og sa: «Kan du få innstilt boken min på riktig kanal?»

- J.D.

Lurar du på adressen til nokre av "våre" misjonarar? Her har du dei:

Reidun og Odd Dyvik,
The Norwegian School
Box 27-24
Taichung 40098
Taiwan Rep. of China

Gullborg og Oddbjørn Maridal
The Norwegian School
P.O. Box 1045
Kathmandu
Nepal

Marit Sandal
Sidamo Regional Hospital
P.O. Box 70
Yirga Alem
Etiopia

Er du gravid!

og ønsker noen
å snakke med?

Ring
(05) 32 56 77

- Gratis graviditetstest
- Medisinsk veiledning
- Rådgivningssamtale
- Råd om støtteordninger

aan

ALTERNATIV TIL ABORT I NORGE
Rådgivningskontoret for gravide
mandag til fredag 09.00-16.00.
Strandgt. 6, 4. etg. - BERGEN

SLEKTERS GANG

Avlidne



DALE

23.12 Martin Normann Buvik f.1919
25.12 Gudrun Bertina Fotland f.1901

STAMNES

12.12 Magnus Bernhard Elvik f.1906

VAKSDAL

28.11. Agathe Skreien f.1912
29.11. Kåre Boge f.1936
14.01. Magnus Magnussen f.1913
30.01. Kari Johannesen f.1901



Døypte




DALE

24.12 Kristine Alvheim
14.01 Martin André Kjelby
14.01 Ingrid Enger Djukastein
14.01 Marilen Jørgensen Vågen
25.01 Dan Carlos Dankertsen

VAKSDAL

26.11. Ingrid Marie Amundsen
28.01. Ida Christine Hybert




Vigde



NESHEIM

31.12 Felix Falck og
Bente Marianne Wehn



Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



VELKOMEN TIL KYRKJE

18.februar - Kristi Forklåringsdag

STAMNES kl.17.Fam.gudst.Norum.

DALE kl.18. Meidell.

25.februar - Søndag før faste

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.

EIDSLAND kl.17.Nattverd.gudst.Meidell.

28.februar - Oskeonsdag

VAKSDAL kl.19.Skriftemålgudst.
Meidell.Nattverd.

4.mars - 1.søndag i faste

DALE kl.11.Norum.Nattverd.

Offer til Kirkens SOS

VAKSDAL kl.18.Norum.Offer til

Den Norske Israelmisjon.

11.mars - 2.søndag i faste

STAMNES kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Soknerådsarbeidet.

EKSINGEDALEN kl.11.Norum.

Offer til Bjørgvin Bispedømmeråd.

18.mars - 3.søndag i faste


DALE kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Kristenfolkets Edruskapsråd.

VAKSDAL kl.11. Norum,Nattverd.

Offer til norsk Luthersk Misjonssamb.

BERGSDALEN kl.16.Meidell.Nattverd.



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.

Frist for innlevering av stoff til neste nr. er 15. mars.

Tove Margrete



25.mars - Maria Bodskapsdag

EIDSLAND kl.11. Fam.gudst.Meidell.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamb.

NESHEIM kl.11.Fam.gudst.Norum.

Offer til Fagertun leirstad.

Fredag 30.mars

NORDGREND kl.17.Gudstenesteleg møte
v/Norum.

1.april - 5.søndag i faste

DALE kl.11. Norum.Nattverd.

Offer til Dale Indremisjon.

VAKSDAL kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Soknerådsarbeidet.

8.april - Palmesøndag

EKSINGEDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Fagertun leirstad.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsandakt.Norum.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 50,-

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete

Nordmark, Boge,

5270 Vaksdal

tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,

Boge, 5270 Vaksdal

tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese

tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese